



FAU ved Uskedal skule skriv fråsegn om skulestrukturen.

Etter vedtak i Kvinnherad kommunestyre er framlegget frå Kommunedirektøren om å slå saman skular alt frå 2020 røysta ned. Politikane kjøper seg tid og bed om ei utgreiing om skule- og barnehagestrukturen. Bakgrunnen for utgreiinga er dramatisk nedgang i elevtalet. FAU ved Uskedal skule skriv i dette innlegget at to skular er ikkje vegen å gå.

Vi var glade for å lesa i Kvinnheringen torsdag 14.november at politikerne har bestemt seg for å fredda skulane i denne omgang. Men som FAU-representantar ved Uskedalen skule kjenner vi på ei uro for framtida for skulen vår. Dette fordi vi veit med sikkerhet at debatten om skulestrukturen kjem opp att, og det om ikkje lenge. Vi ser utfordringa med at elevtalet er på veg ned, og innser at noko må gjerast med strukturen. Samtidig vil vi slå ring om Uskedalen skule, for vi meiner det er eit feilgrep å vurdere å legge ned denne skulen som ligg midt i den langstrakte kommunen. Vi ser mange fordeler med å behalda denne fine skulen vår.

Uskedal skule er ein gåskule der ein kan gå eller sykla til skulen på ein trygg og forsvarlig måte. Dette gjev gevinster både for folkehelsa og miljøet. Det fremjar klimapolitikken.



Uskedal skule med aktivitetstshus, kunstgrasbane og utstyr for fysisk aktivitet er eit sentralt anlegg i Kvinnherad kommune.

Beliggenheten til Uskedalen skule, vil vi påstå, er heilt unik. Vi har stranda 15 meter fra skuleveggen. Elevane har ved fleire anledningar fått nytta denne til bading i skuletida. Dei har fått fiska, dreve med havprosjekt, forskning, vore på kurs i utesvømmetrening (coasteering) og opplæring i korleis ein skal ferdast trygt ved sjøen. No som det er eit nasjonalt fokus på nettopp dette, har vi i Uskedalen ypperlige høve til å gjennomføra dette utan ekstra kostnader. Sameleis har vi Uskedalselva der elevane ved fleire anledningar har nytta til kanopadling.

I tillegg har vi ein stor og innhaldsrik skuleplass med kunstgrasbane, klatrepark, leikeapparat, asfaltert rullleskiløype, friområde og skaterampe. Elevane får i skulesamanheng bruka fjell- og turstiar i område kvar veke. I eit folkehelseperspektiv er det ein kjempefordel at dei i tidlig alder får mulighet til å bli glad i fysisk aktivitet i naturen. Dette kan kanskje forebyggja trenden med stillesitjande ungdom.

Uskedalen har ein bolig- og infrastruktur som er godt tilrettelagt, og potensialet er større for vidare vekst. Utbygging av Ospelunden opnar for tilflyttarar og kanskje eit auka elevtal. Kvinnherad kommune har i dei siste åra satsa på å få folk til å flytta heim att gjennom Kom heimprosjektet. Ved å leggja ned skulen, vil bygda bli mykje mindre attraktiv å flytta til. FAU har snakka med fleire familier som ville ha revurdert å flytta til Uskedalen dersom der ikkje var eit skuletilbud i bygda.

Uskedalen er ein attraktiv stad å bu, og er kjent for si gode dagnadsånd. Her kan ein få til mykje. Vi har eit godt tilbud, og det vi treng for å få nye folk til bygda vår. Vi nevner butikk, frisør, blomsterforretning, bensinutsalg, kafé og meir. Og heldigvis den flotte skulen som er ein samlingsplass for bygda i dei fleste anledningar. Skulen er her med på å skapa eit godt samhald og eit trygt miljø for barna å veksa opp i.

Skulen nyttar og den flotte aktivitetshallen med klatrevegg til mange aktivitetar. Det er per i dag ei prosjektgruppe som arbeidar med å laga eit klatresenter tilknytta skulen. Dette vil i så fall forsterka skulebygget og lokalitetane ytterligere.

Vi må og løfta fram det fantastiske samarbeidet mellom dei to barnehagene i bygda og skulen vår. Nærleiken til skulen gjev ei trygg og god overgang fra barnehage til skule.

FAU er bekymra for tanken på kun 2 storskuler i ein så langstrakt kommune. Vi trur ikkje det er vegen å gå for å skapa trygge skulebarn og meiner det vil koma i konflikt med kommunen sin visjon om eit aukande innbyggjartal.

Det fratar oss verdien ved å bu på små plasser.

FAU meiner at Uskedalen som bygd og Uskedalen skule har mykje å tilby, både for sine egne og ikkje minst for bygdene rundt.

Helsing styret i FAU ved Uskedal skule

Foto/nett: Kristian Bringedal



Aktivitetshuset vart oppgradert med nytt tak i 2018.